

Retningslinjer for tildeling av snøskuterløyve for perioden

2019 - 2023



For tildeling av snøskuterløyve i perioden oktober 2019 – oktober 2023 gjeld fylgjande prinsipp:

Nr.	Sakstype	Vedtaksrett
1	Søknadar etter § 5 bokstav a, b, c, d, e og f samt § 5a og 5b i føresegna (gjeld berre køyretøy registrert som snøskuter)	Administrasjonen
2	Andre beltekøyretøy samt søknader som omhandlar tilfelle som ikkje kjem inn under føresegn § 5 skal handsamast etter § 6 i føresegna dersom dei ikkje er unnateke frå søknad i lova	Ansvarleg politisk organ (kommunalutvalet)
3	Søknader etter verneføresegnene i SVR	Same praksis som dei ovanfor nemnde etter handsaming i vernestyret.

INNLEIING:

Snøskuter er ein viktig trivselsfaktor i lokalmiljøet. Snøskuteren gjer det mogleg for folk flest å komme seg opp på fjellet og inn til hytte med naudsynt utstyr, samstundes som bygningane kan haldast i hevd. Naturtilhøva i Åseral er heilt spesielle der ein dei fleste stader har bratt oppstigning og svært lange avstandar frå brøyta vegar i dalbotnen til hyttene inne på heia.

Ein omfattande snøskutertrafikk har og negative sider. Det negative er i fyrste rekke knytt til støy og farlege situasjonar som kan oppstå i samband med uvettig køyring. Eit anna moment er at snøskuteren fører med seg auka menneskeleg aktivitet i utmarka, noko som kan vere til ulempe for dyre- og fuglelivet. Dette må ein difor alltid ta omsyn til.

Av omsyn til tryggleik vil eit snøskuterløyve også omfatte løyve for ein følgjeskuter (NB! Eigne reglar i verneområdet).

1. SØKNAD OM LØYVE:

Alle søknadane skal sendast på eigne elektronisk skjema som er å finne på kommunen si heimeside. Leselege kart med påteikning av køyretrase skal leggjast ved søknaden. Ufullstendige søknadar med manglande vedlegg vert ikkje handsama.

2. ERVERVSLØYVE:

Søknad om ervervsløyve etter **§ 5 bokstav a i føresegn** skal vere avgrensa i høve til eit geografisk område og kan berre gjevast til fastbuande jamfør føresegn. Ervervsløyve vert å nytte i tilknytning til hytteområda i Bortelid og Ljosland. All køyring skal vere knytt til eit spesifikt oppdrag. Vilkår for å søke ervervsløyve vert lyst ut i Åsdølen og søknadsfristen er sett til 1. oktober. Det vert høve til å gje inntil 4 ervervsløyve i kvart av dei omtala områda.

3. FUNKSJONSHEMMA:

Søknadar etter **§ 5 bokstav b i føresegn** skal leggje ved legeerklæring som ikkje er eldre enn eitt år og som synleggjer trongen for transport. Løyve kan tildelast etter fastlagt trase eller avgrensa område. Rørslehemming grunna alderdom og midletidig rørslehemming kjem ikkje inn under § 5 bokstav b.

4. TRANSPORT TIL HYTTE:

Skuterløyve etter **§ 5 bokstav c i føresegn** om bruk snøskuter til transport av bagasje og utstyr vert gjeven til hytteeigar, eit omgrep som også omfattar eigaren sin næraste familie (ektefelle/sambuar, barn/svigerbarn og foreldre). Leigetakar/bruksrettshavar av privat hytte vil og kunne få løyve dersom dei legg fram skriftleg leigeavtale/bruksrett med hytteeigar for minimum 1 år.

Føresetnad er at hytta ligg minst 2,5 kilometer frå brøyta veg og at det i området ikkje er etablert ervervskøyring (jamfør § 5 bokstav c i føresegn). Løyvet vert i hovudsak gjeve for



kortaste veg mellom brøyta veg og hytte.
Andre enn desse må handsamast i høve til § 6 i føresegn.

5. UTMARKSNÆRING:

Løyve etter § 5 bokstav d i føresegn gjeld køyring i utmarksnæring for fastbuande. Med næringsverksemd meinast den del av utmarksnæringa som ikkje vert fanga opp av § 3a i føresegna, til dømes drift av utleiehytter der dette er ei næringsverksemd. Det må leggest fram dokumentasjon på verksemda saman med søknad.

6. VEDHOGST:

Løyve etter § 5 bokstav e i føresegn gjeld køyring av ved frå eigen eigedom til hytte eller køyring av ved frå annan manns grunn.
Køyning av ved frå eigen eigedom til fast bustad, treng vedkøyraren ikkje å søkje om løyve til (*jamfør føresegn § 3 bokstav g*).

7. KØYRING I VERNEOMRÅDET:

Har du eigedom i Setesdal Vesthei landskapsvernområde MÅ du sende inn to (2) søknader, ein på kommunalt skjema og ein på SVR skjema i tillegg til eit kart. Løyve inn i verneområdet må fyrst handsamast av styret i SVR før den kan handsamast av Åseral kommune. Søknadsskjema samt kart må fyllast ut og sendast samla inn til kommunen som så sender vidare til SVR. ALL køyring innan verneområdet må godkjennast av SVR, dette gjeld og dersom dei er direkte heimla i lov og føresegn.

8. KØYRING I JORD- OG SKOGBRUKSNÆRING:

For jord- og skogbruksnæring er det ikkje krav om løyve jamfør § 4 bokstav c i lova kor det står: «*Nødvendig person- og godstransport til og frå fast bosteder og i jordbruks-, skogbruks og reindriftsnæring*».

- I Åseral kommune vert dette praktisert med at alle som kan syne til ei næringsoppgåve frå jord- og skogbruk ikkje vil måtte søke om løyve, men må ta med seg denne under køyring som skal vere relatert til næringa. Dette gjeld likevel ikkje ved køyring innan verneområdet, her må det føreligge eige løyve. Medhjelpar på følgjeskuter er tillate jamfør veileiar og høgsterettsdom.

9. KØYRING I SAMBAND MED BYGGING:

Jamfør § 3 bokstav d i føresegn kan «*motorkjøretøy på vinterføre*» (gjeld alle motorkjøretøy på vinterføre, ikkje berre snøskuter) nyttast til «*transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggetillatelse*».

- Dette betyr at dersom godkjent byggeløyve er med under transporten så vil dette gjelde som «løyve». Det presiseras at dette berre gjeld til dette føremålet og innanfor byggeperioden. Dette gjeld ikkje for vanleg vedlikehald som ikkje krev byggeløyve, men her vil det kunne utstedast eit «hasteløyve» i ein avgrensa tidsperiode.

10. SÆRSKILTE BEHOV:

Løyve som vert handsama under § 6 i føresegn gjeld køyring ved særskilde behov som ikkje vert fanga opp av §§ 2,3 og 5 i føresegna. Lova krev ei streng praktisering der det ikkje må vere tale om køyring berre for turen si skuld.

Løyve etter § 6 i føresegn kan berre gjevast av eit folkevald organ. Kommunestyret har i Åseral delegert denne mynda til kommunalutvalet.



Aktuelle formål:

- Næringsdrivande som treng løyve til transport av havarete snøskuterar.
 - Tungtransport til hytte nærare enn 2,5 km frå brøyta bilveg-
 - Personar med særskild familietilknytning til eigar av hytte/støyl og som ikkje vert fanga opp av det som er nemnt under omtalen av § 5 bokstav c i føresegna.
 - Personar med funksjonshemming som ikkje vert fanga opp av § 5 bokstav b i føresegna.
 - Lag og foreiningar som skal ha eit sosialt arrangement. Løyve vert då gjeve til dei som frå før har løyve etter den snøskuterløypa som er nærast knytt til arrangementsstaden.
11. Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan ein grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom uavhengig av løyver gjevne av kommunen. Løyvehavar må sjølv syte for samtykke frå aktuelle grunneigarar.
 12. Ulovleg køyring kan føre til inndraging av løyvet. Etter § 12 i lova vert dei som i aktløyse køyrer ulovleg, straffa med bøter.
 13. Søknadsfristen for å sikre at løyvet er på plass innan vintersesongen tek til er 1. oktober. Søknader som er innkomne etter denne dato, kan ikkje garanterast å verte handsama innan sesongstart. Løyve skal berre kunne gjevast innanfor gjeldande valperiode (fram til 30. april året etter valet) og vil for kvar sesong vere gjeldande mellom 1. oktober til 30. april.
 14. Ved tildeling av løyve skal det vektleggast å avgrense talet på trasear, og ein skal unngå køyring i viktige vilt – og friluftsområde.
 15. Kommunen kan etter lova ikkje handsame søknader ulikt ut frå eit kriterium som bustadkommune, statsborgarskap eller liknande.
 16. Kommuneadministrasjonen skal fortlaupande føre oversikt over til ei kvar tid gjeldande løyver.

Alle som køyrer og nyttiggjer seg av transport med snøskuter bør ha ein god dialog med hyttefolk, turistar og innbyggjarar slik at ein unngår konfliktsituasjonar og negativ omtale.

Lenker:

- [«Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag \(motorferdselslova\)»](#)
- [«Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag»](#)
- [«Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\)»](#)
- [«Motorferdsel i verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane»](#)

Søknadsskjema og kart finn du her:

Kommunen: www.aseral.kommune.no
Verneområdet: www.svr.no
Kart: www.kommunekart.com

